



Det er montert lys på den nye julegrana ved Gamleskulen. Den eine kortveggen er også lyssett.

Julegrantenninga er fredag 30. november kl. 17. Nytt i år er at den nye grana ved Gamleskulen alt er pynta med vakre lys. Det same er plakatskuret like ved. Det er også montert lysdekor med snøkrystallar på eine kortveggen ved inngangen til Kafe Tiaren. Det er Uskedal utvikling som eig bygget og driftar uteplassen. Asle Moberg og Egil Myhre har gjort alt det praktiske arbeidet med lyssetjinga.

I 2009 planta medlemmer i Uskedal musikklag ei ny julegran på plenen ved Gamleskulen. Det vart gjort på 17. mai av sjølvaste Synnøve Solbakken, ordførar i Kvinnherad den gongen. Planten grodde ikkje og gjekk ut.

Alt året etter i 2010 vart det planta to nye tre tett i tett. Begge tok seg. Det eine vart fjerna og i dag står det nye grantreet og prydar plassen. Bakgrunnen for plantinga var at ei tid såg det ut til at det store grantreet kom til å gå ut. Tilstanden var dårleg. Årsaka var truleg vasslekkasje og mykje fukt i grunnen.

I 2010, då grantreet vart planta, sa ein berre at dette var den nye julegrana. Grana har ikkje fått eit offisielt namn, men på folkemunne vil det sikkert festa seg eit namn som fungerer. Om det vert Nyagrano, Vetlagrano, Litlagrano, Den nya julegrano, ja, det vil framtida syna.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Hans Ordin Østebø